

# Lagsbruksverksemd i Vest-Agder

Av Nils Seland

*Lagsbruk er eit gammalt norsk ord for ei økonomisk verksemd som blir driven av eit lag. I praksis ser det ut til at dette omgrepet bare er blitt brukt innan det ein gjerne kallar Norskdomsrørsla - Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.*

Soga om lagsbruksverksemda er eit interessant kapittel i norsk kulturhistorie. Det er soga om idealistar med pågangsmot som – lenge før det fanst offentlege stønadsordningar til kulturverksemd – skapte sin eigen økonomi for å fremja den saka ein brann for. Lagsbruka blei aldri reist som følgje av noko sentralt direktiv eller vedtak i organisasjonen. Det var lokalt initiativ og pågangsmot som låg bak.

Store løft er likevel også gjort nasjonalt med midlar frå lagsbruka. Det var betydelege bidrag frå lagsbruka som skapte grunnlaget for å skipa Det Norske Teatret i Oslo. Bibelen blei gitt ut på nynorsk i 1920-åra med stor stønad frå lagsbruka. Norsk Alkunnebok var eit nynorskleksikon som Fønna Forlag gav ut på 1950-talet. Til dette arbeidet blei det gitt store bidrag frå lagsbruka. Den nynorske riksavisa Dag og Tid er nok eit døme – frå nyare tid.

For oss egder er det interessant å leggja merke til at det er her i fylket at "bestanden" av lagsbruk har vore tettast.

Slik kunne det bli når iveren etter å koma i gang var så stor at til dømes Torjus Skaiaå like godt kjøpte Kirkegata 15 i Kristiansand på eiga hand først. Så fekk ein etterpå ta tid til å samla årsmøtet og gjera formelle og demokratiske vedtak i Vest-Agder Ungdomslag. At laget sette pris på det han hadde gjort, viste dei ved å velja han til styreleiar i lagsbruket.



*Tveilege stader med godt stell  
og god landrens mat.*

**RIMELEGE PRISARI**

**LÅGSBRUK I NØRGS LINGDOMSLAG OG NØRGS MÅLLAG**

- ARENDALE ... L/L Bondeheimen, Torget og a  
Kaffistova, Havnegt. 86 b
- BERGEN ..... Hotell Hordaheimen, C. Sundtsgt. 18  
Kaffistova, Torget 1  
Kaffistova til Ervingen, Strandkaien 3  
Nordhordlandstova, Strandkaien 6
- WODØ. .... Kaffistova, Storgt. 48
- BRYNE ..... Bryne Gjestehjem og Matstova
- BRØNNØYSUND Bondeheimen Gjestgiveri, Masterberggt. 47  
Kaffistova, Storgt. 67
- ELVERUM ... Kaffistova
- FARSUND ..... Bondeheimen, Kirkegt.  
Kaffistova, Kirkegt.
- FLEKKEFJORD Bondeheimen, Elvegt. 9  
Kaffistova, Elvegt. 9
- GJØVIK ..... Kaffistova, Ø. Torgt. 9, Gjøvik
- GRIMSTAD ... Bondeheimen, Juskestr. 4
- HAMAR ..... Bondeheimen, Vangsvn. 33  
Kaffistova, Vangsvn. 33
- HARSTAD .... Kaffistova Trondarnes
- HAUGESUND .. Hotell Kong Harald, Haraldsgt. 146  
Kaffistova, Haraldsgt. 126  
Kaffistova, Haraldsgt. 161
- HORTEN ..... Kaffistova, Storgt. 23
- KONGBERG .. Bondeheimen, Storgt.
- KONGSVINGER Kaffistova, Glommensgt. 42
- KRISTIANSAND Bondeheimen, Kirkegt. 15  
Bondeheimen, Vestre Strangt. 22  
Matstova, Gyldenløvgt. 11  
Kaffistova, Kirkegt. 15  
Kaffistova, Kirkegt. 13
- KRISTIANSUND Bondeheimen  
Kaffistova
- LARVIK ..... Kaffistova, Storgt. 24
- LEVANGER ... L/L Kaffistova, Jernbanegt. 13
- LILLEHAMMER Dølsheimen, Jernbanegt. 3
- LYNGDAL ... Bondeheimen
- MANDAL ..... Bondeheimen, Store Elvegt. 23 a  
Kaffistova
- MO I RANA... Kaffistova
- MOLDE ..... Hotell Romsdalsheimen, Storgt. 19  
Kaffistova, Storgt. 19
- MOSJØEN ... Kaffistova, Sjøgt. 19
- NAMSOS ..... Grand Hotell Bondeheimen, Kirkegt. 7  
Naumdals kaffistova, Kirkegt. 7
- NARVIK ..... Kaffistova Tettavangen, Dronningensgt. 50
- NOTODDEN ... Bondeheimen
- OSLO ..... Teilstova  
Bondeheimen, Rosenkrantzgt. 8  
Kaffistova, Stortorget 8  
Kaffistova, Storgt. 25  
Kaffistova, Rosenkrantzgt. 8  
Parkstova, Kr. Aug. gt. 14  
Heim for landsungdom, Nordal Brunsgt. 22  
Kaffistova, Nordal Brunsgt. 22  
Grensekafeen, Grensen 10  
Sentral kafeen, Storgt. 12  
Gildevangen, St. Olavs plass 1  
Sankten, St. Olavs plass 3
- PORSGRUNN .. Kaffistova Heimen, Storgt. 117
- RISØYHAMN .. Andøyheimen
- RØRVIK ..... Kaffistova
- SANDEFJORD .. Kaffistova, Rådhusgt. 9
- SARPSBORG .. Matstova, St. Marielgt. 121
- SKIEN ..... Dag Bondeheimen, Prinsessgt. 7  
Dag Kaffistove, Prinsessgt. 7
- STAVANGER .. Matstova, Ø. Holmeigt. 20  
Kaffistova, Torget 6  
Kaffistova, Østervåg 25  
Mostun, Moavatnet
- STEINKJER ... Grand Hotell, Kongensgt. 37  
Grand kafe, Kongensgt. 37  
Bondeheimen si kaffistove, Nordia
- SORTLAND ... Kaffistova
- SVOLVÆR ... Bondeheimen  
Kaffistova
- SØR-AUDNEDAL Kaffistova på Vigeland
- SOGNE ..... Kaffistova
- ROMSØ ..... Restaurant Sagatun, Richard Withapl. 2  
Kaffistova, Torget  
Matkjellaren på lærarskolen
- TRONDHEIM . Hotell Bondeheimen, Søndregt. 22 B  
Kaffistova Gildevangen, Søndregt. 22 B  
Hotell Trønderheimen, Prinsensgt. 27  
Kaffistova, Prinsensgt. 27
- RYSIL ..... Kaffistova, Trysil
- LESUND .... Kaffistova, Lorkeneagt. 3

## **Det var tre hovudgrunnar til å starta lagsbruk:**

- Tena pengar til drift av laget og kulturverksemda der.
- Profilera laget (norsk kvalitetsmat og norsk tradisjonsinteriør) Kaffistova skulle tilby kvalitetsmat til rimeleg pris. Slik sett, var dette eit "konsept" midt mellom sosietetsrestauranten og kneipa.
- Skaffa husrom til laget si kulturverksemd.

Tena pengar gjorde dei oftast med det same på den tida. Det står å lesa om enkelte bruk at dei alt etter eit par år hadde tent inn att den investerte kapitalen. Det var dei låge prisane på råvarer og arbeidsløn som skapte den store lønsemda på den tida.

Det kan vera mange grunnar til at det er svært få lagsbruk att i dag, men den viktigaste er nok at nettopp desse to faktorane spelar ei heilt anna rolle i dagens økonomi. Det er ikkje uvanleg at løn og råvarer aleine tek omlag 80 % av totalbudsjettet til ein kafeteria i dag. Då seier det seg fort at det ikkje er lett å skapa overskot.

Det er ikkje plass til å gå i djupna på emnet om lagsbruka i Vest-Agder med den plassen som er til disposisjon her, men eg har laga ein oversikt over dei bruka som har eksistert i fylkeslaga til mållaget og ungdomslaget i desse 100 åra. Eg håpar det skal bli mogleg å gå meir grundig til verks seinare for å setta lys på ein lite kjend faktor i norsk kulturliv. Skulle nokon ha stoff om dette, så eg svært interessert i det.

## **Historisk oversikt over Lagsbruk i Vest-Agder**

### **Bondeheimar og kaffistover**

#### *Flekkefjord, Bondeheimen og Kaffistova, Elvegt. 9*

Det var Mållaget i Flekkefjord – seinare Flekkefjord Ungdomslag og Mållag som etablerte denne verksemda i 1911. Verksemda blei avvikla og eigedomen seld i 2004.

#### *Lyngdal, Bondeheimen*

Det var det lokale mållaget som dreiv denne verksemda sentralt i Alléen i Lyngdal sentrum. Drifta blei avvikla i 1960-åra. Bygningen er nå borte.

#### *Farsund, Bondeheimen, Kirkegt.*

Det har ikkje lukkast å finna stoff om denne verksemda, men drifta varde truleg ikkje lenge.

#### *Sør-Audnedal, Kaffistova på Vigeland*

Audnedal Mållag, som seinare skifta namn til Lindesnes Ungdomslag, dreiv denne verksemda. Starten var i Ola Gares hus i sentrum på Vigeland i 1920. Dei siste åra - frå 1969 – flytta drifta av Stova til 2. høgda i den då nyoppførte Remegården. I denne garden dreiv laget også Stovekiosken i 1. høgda. Drifta av begge einingane blei avslutta sist på 1980-talet. (*Kjelde Rolf O. Rødberg*)

Sal av kaffistova på Vigeland og Bondeheimen i Mandal var med på å skapa økonomisk grunnlag for å reisa Vigelandsstua saman med det lokale idrettslaget. Dette er i praksis kulturhuset for Lindesnes kommune i dag.

#### *Mandal, Bondeheimen, Store Elvegt. 23 a*

I 1916 blei arbeidet med å skipe ein Bondeheim i Mandal tatt opp av dei to mållaga i distriktet, Marnar Mållag og Audnedal (Undal) Mållag, no Lindesnes Ungdomslag. Då hadde dei alt drive Kaffistove i byen nokre år. Ein stor trebygning i Mandal sentrum blei kjøpt inn av eit lutlag som besto av 521 lutar a 50 kroner. Bygget kosta 60.000 kroner og det blei lånt 50.000 kroner. 27. september 1917 blei L/L Bondeheimen i Mandal skipa med ein lutkapital på 26.050 kroner.

L/L Bondeheimen blei avvikla over tre år, 1998, 1999 og 2000. Økonomisk blei resultatet at dei to mållaga fekk 550.000 kroner kvar i tilskot, før resten av kapitalen blei delt likt mellom luteigarane. I alt blei det ca. 1.3 millionar kroner på kvart av laga. (*Kjelde Terje Dyrnes*)

I dag er det avisa Lindesnes som held til i hovudbygget, mens «Jonas B. Gundersen» er ein kjend restaurant i huset ved sida.

#### *Marnardal, Bondeheimsplanar ved Marnardal stasjon*

På 1930-talet blei det planlagt å bygge kaffistove og bondeheim like ved Marnardal stasjon. Det blei kjøpt tomt på 1 800 kvadratmeter og hogge tømmer til bygginga. Tidene og trafikkmønsteret utvikla seg slik at bygging av bondeheim blei uaktuelt. Desse var saman om skipinga med partar á kr. 7 000: Bondeheimen i Mandal med fire partar, Vest-Agder Ungdomslag (Lagsbruket), Vest-Agder Mållag og Marnar Mållag med to partar kvar og BUL i Kristiansand, Mållaget i Kristiansand og Kaffistova i Søgne med ein part kvar. Frå 1960-talet starta arbeidet med å prøva å selja tomta, men av ymse årsaker blei salet ikkje gjennomført før i 2000. (*Kjelde: Bjørgulf Rygnestad i fylkesungdomslaget sitt medlemsblad «Unge Agder» januar 2000*)

#### *Søgne, Kaffistova*

Verksemnda var eit fellestiltak mellom Søgne Ungdomslag og Søgne Mållag og låg sentralt i Lunde sentrum. Stova var i drift fram til 1970-talet - då eigedommen blei ekspropriert av Vegvesenet.

#### *Kristiansand, Bondeheim og Kaffistove, Vestre Strangt. 22*

Initiativet til å skipa verksemnda blei gjort i 1911 som eit samarbeid mellom Vest-Agder Ungdomslag og Mållaget i Kristiansand, men mållaget drog seg ut av fellesskapet etter kort tid. På nyåret 1912 kunne Bondeheimen og Kaffistova opnast. Drifta gjekk tolleg bra og gav overskot frå fyrste stund. Fyrste driftsåret er det oppgjeve ei nettovinning på kr. 800,-.

Årsmøtet i Vest-Agder Ungdomslag vedtok på årsmøtet i 1968 å leggja ned verksemnda. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*)

#### *Bondeheimen, Kirkegt. 15.*

Eigedommen blei kjøpt inn i 1920. Det var disponent Torjus Skaiå som kjøpte eigedommen



Mållagsbygget i Kristiansand sentrum.

for å sikra den for Vest-Agder Ungdomslag. Fylkeslaget sa ja til å overta eigedomen og styremedlemene tok på seg å vera personlege garantistar for lånet. Skaiå fekk stor takk for si handlekraft. Han blei valt til styreleiar for lagsbruket og hadde dette vervet fram til 1936. Ombygginga til hotell tok si tid. Først 1. oktober 1924 blei Bondeheimen opna. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*). Verksemda og eigedomen blei seld i 2003 og heiter i 2006 Hotel Wergeland.

### *Matstova, Kirkegt. 13*

Medlem i BUL Kristiansand, Gustav Thortveit fekk lagsflokken med seg i tanken om forretningsdrift og kjøpte eigedomen i 1914. Fyrste høgda blei innreidd til kafe og kjøkken og eit rom der medlemene kunne møtast. Resten av bygget var hyblar og husvære for tilreisande og for dei tilsette på kafeen.

Stova blei lagt ned på 1970-talet og seinare blei garden makeskifta med Telenor, som hadde ein naboeigedom i Dronningens gate. I år 2000 blei så denne eigedomen seld og pengane blei nytta til kjøp av ein part i Mållagsbygget i Gyldenløvesgate 11, der dei no held til. (*Kjelde Olav Molland*).

## Mållaget i Kristiansand

Ei tid dreiv Mållaget heile tre kaffistover i Kristiansand:

### *Gamlestova*

Dette var ei kaffistove som Mållaget i Kristiansand etablerte i 1906 i garden som Vest-Agder Ungdomslag seinare kjøpte i Kirkegt. 15 – på hjørnet mot Tollbodgt. I 1907 var omsetnaden her heile 17 262,95 og fortienesta på kr. 1 382,07. Mållage dreiv kafeen «Gamlestova» fram til 1967, då Bondeheimen sa opp leigeavtalen for å bruke lokala til eiga drift.

### *Kaffistova i Markensgt. 37*

Denne blei starta av mållaget i 1910, men eg har ikkje funne meir stoff om den. Drifta av denne stova varde bare ei kort tid.

### *Gyldenløvesgt. 11*

I 1915 fekk mållaget kjøpt denne eigedomen. Der stod då ein bygning i to høgder. Etter krigen melde tanken seg om nybygg. Det tok lang tid å få gjennomslag for ei reguleringsendring som gav god nok utnytting av tomta, men i 1969 blei det gitt byggeløyve for dagens utforming av eigedomen. Huset sto ferdig i mai 1971 med ei samla byggeflate på 2 730 kvadratmeter fordelt på 5 høgder.

(kjelde: Mållaget i Kristiansand 90 år.)

Mållaget dreiv kafeteria i Gyldenløvesgt. for eiga rekning – siste åra med namnet Nellas hus – fram til omkring årsskiftet 2002-2003. I dag er kafeteriaen driven av privat selskap.

Bondeungdomslaget i Kristiansand har nå kjøpt seg inn i huset og disponerer deler av huset til lagsverksemd og kontor.

### *LL Christiansands Handelslag*

Då mållaget kjøpte Gyldenløvesgt 11 i 1915 starta dei opp handelslaget som dei dreiv nokre år. Verksemda gjekk svært dårleg og blei lagt ned etter ei kort tid. Lokala vert deretter leigd ut til forretningsmannen Senumstad som dreiv kolonialbutikk fram til bygget blei rive (1969) for å gje plass til det nye Mållagsbygget som stod ferdig i 1971.

Verksemda var i drift i mållaget sin regi frå 1915 til 1922. (*Kjelde Olav Molland*).

### *Vennesla*

Eg har fått oppgeve at Mållaget i Kristiansand dreiv ei kaffistove i Vennesla frå 1920 og nokre år framover, men har ikkje funne stoff som kan stadfesta dette meir.

### *Byglandsfjord, Breidablikk Turistheim*

Vest-Agder Ungdomslag – saman med andre mål- og ungdomsorganisasjonar i rørsle – teikna aksjar og kjøpte dette hotellet i 1957. Anlegget kravde store investeringar. Drifta gjekk bare så måteleg og hotellet blei seld i 1967 etter 8 års drift i rørsle sin regi. Stort sett fekk parteigarane att dei pengane dei hadde lagt ut. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).

## Folkehøgskolar

### *Agder Folkehøgskole*

På årsmøte i Vest-Agder Ungdomslag i 1909 var den kjende folkehøgskolemannen Lars Eskeland hovudtalar, og fylkesstyret spurde om han kunne tilrå ein brukande styrar til den folkehøgskolen som fylkeslaget ønskte å setta i gang.

Eit ekstraordinært årsmøte i fylkeslaget i 1910 bad Severin Kvåle om å leia oppstarten av skolen «dersom det melder seg to eller fleire ungdomar frå kvart lag som elevar ved skolen». Kvaale lyste ut vinterkurset og Vest-Agder Ungdomslag gav sitt første vesle tilskot på 630 kroner. Det var 70% av overskotet på målmarknaden i Vennesla i 1910. Skolen blei på Hægeland til 1917. Då blei det vedteke å bygga i Søgne, og i 1918 kunne skulen flytta inn i egne lokale der. Dette første skuleanlegget brann dessverre ned og er nå erstatta av nybygg.

### *Marnar Folkehøgskole*

Det var eit vonbrot for mange i Marnardalen at Agder Folkehøgskole blei lagt til Søgne, og mållaga i dalen sende då søknad til Vest-Agder Ungdomslag om at fylkeslaget også måtte bli med på å reisa ein folkehøgskole for Sørlandet i Marnardalen.

Etter ein lang og hard debatt blei resultatet at fylkeslaget valde å satsa fullt på éin skule – i Søgne.

Ungdomslaga i Marnardalen, Marnar Mållag og Sør-Audnedal Mållag gjekk dermed dristig og vonfullt i gang med å bygga hus for Marnar folkehøgskule. Vakre bygningar i Marnarstil blei reist i Øyslebø. Dei fekk den kjende folkehøgskolemannen Nils Sivertsen til å starta skolen, og i oktober 1919 var det første vinterkurset i gang.

På årsmøtet i Vest-Agder Ungdomslag i 1922 kom det opp forslag frå kretsen rundt Marnarskulen om at fylkeslaget ikkje lenger skulle velja medlemmer i rådet for Agder Folkehøgskule – sidan ein nå hadde to skular i fylket. Denne gongen sigra Marnar, og fylkeslaget miste dermed den direkte kontakten med skulane som laget hadde arbeidd så sterkt og lenge for å reisa. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).

## Andre tiltak

### *Agder Tidend*

I 1918 kom Evje Ungdomslag med forslag om at fylkeslaget skulle gå inn for å få ein nynorskavis for Agder med fast plass for ein teig med ungdomslagsstoff. Fylkeslaget gjekk inn med 5.000 kroner i aksjekapital. Agder Tidend kom i gang i 1918 og VAUL fekk teigen «Unge Agder».

Snart etter blei Bondepartiet skipa og avisa blei eit organ for dette partiet. Dette skapte strid, men Unge Agder heldt fram som eigen teig og med eigen redaktør. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).

### *Bokhandel*

Frå 1922 står det å lesa om arbeidet med ein bokhandel for nynorskbøker. Anton Dahl frå Søgne styrde denne «Bokbua», som mest selde bøker for Det Norske Samlaget. Til sine tider var overskotet oppe i omlag 2.000 kroner pr. år i verksemda. I 1928 blei vilkåra for bokdistribusjon frå Noregs Boklag endra slik at det ikkje lenger blei reknings-

svarande for Bokbua å driva detaljsal av litteratur. Verksemda blei dermed avslutta. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).

#### *Sørlandets Industrikontor*

Salskontor for heimeindustri. Vest-Agder Ungdomslag hadde utsendingar til årsmøtet omkring 1970. Elles finn eg ikkje meir om dette nå. Anton Dahl frå Søgne var styreleiar og drivkraft for kontoret i mange år, truleg heilt til det blei lagt ned.

#### *Kinodrift*

I 1948 tok Njål Vere frå Lista fram tanken om at dei laga det høvde for burde starta kino-drift i ungdomshusa. «Det er nye tider og ein bør ta i bruk moderne hjelpemidlar i ungdomsarbeidet». Det blei vedteke at fylkeslaget skulle kjøpa inn filmapparat som enkelt-laga skulle få låna til filmbruk og filmkveldar. Kontoret til VAUL skulle stå for utlån av apparatet. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).

#### *Nynorsk handelsskole*

Vest-Agder Ungdomslag og Vest-Agder Mållag samarbeidde i 1955 om å få skipa ein nynorsk handelsskole i fylket. Så viste det seg at Telemark Ul arbeidde med same tanken - plassert på Landsgymnaset i Bø. Dermed fekk ikkje egdene godkjent sin skuleidé i Kyrkje og undervisningsdepartementet og saka måtte skrinleggast. (*Kjelde: Vest-Agder Ungdomslag 1893-1968*).